

Side 2

**Opplysningar om
prestegjeldet og andre
kunngjeringar**

Side 3

Guds foto-lab

Side 4

**Historia om eit
orgelkjøp**

Side 5

**Bidrag til orgelfondet
Orgelnemnda er nøgd**

Side 6

**Antependiet i Dale
kyrkje restaurert**

Side 7

**Konfirmantfest på
Vaksdal**

Side 8 og 9

**Konfirmantar
våren 2002**

Side 10

**”Samme kyrkje –
ny ordning”**

Side 11

**Endeleg på Dale.....
Rebus frå Daledagane**

Side 12

**Bur det ein
villmann/kvinne i deg?**

Side 13

**Prestevikar i sommar
Sommarleir mm.**

Side 15

Slekters gang

Side 16

**Oversyn over
gudstenestene**



EIDSLANDSORGELET ER PÅ Plass!

Under gudstenesta 17.mai vart det nye orgelet i Eidsland kapell vigsla. Organist Asbjørn Nese hadde gleder av å spela på orgelet. Takka vere ein kjempeinnsats lokalt, der over 175.000 kr. er samla inn, var det mogleg å få bytta ut det over 30 år gamle elektroniske orgelet med nytt pipeorgelet. Les meir om orgelet på side 4 og 5.

GOD SOMMAR!

VAKSDAL PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 Fax 56 59 39 29

e-post:

kyrkjekontoret@vaksdal-kyrkjer.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30,

onsdag kl. 10.30-13.30

Kyrkjeverje Svein Tøsse,

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 95 97 99 05

e-post:

kyrkjeverja@vaksdal-kyrkjer.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20 ,

e-post:

soknepresten@vaksdal-kyrkjer.no

Tlf. privat 56 59 73 15

Mobiltilf 90 19 65 14

e-post: frode.kvamsøe@c2i.net

Kapellan Edvard Bø

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

e-post: kapellanen@vaksdal-kyrkjer.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

VOKT-arbeidar Knut-Erlend Rosvold

Tlf.kontor: 56 59 39 22

Mobiltilf.: 95 81 65 91

e-post: vukt-vaksdal@innboks.com

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

Adressa finn de øvst i denne spalta.

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellestråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34

5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,

Pb. 113, 5721 Dalekvam.

BLADPENGAR FOR KYRKJEBLADET

I siste nummer av Kyrkjeblad for Vaksdal låg det med ein giro til innbetaling av bladpengar for 2002. Det har kome inn meldingar om innbetalingar jamt og trutt heilt til no, og me er sers takksame for alle som støtter opp om kyrkjebladet på denne måten. Mange har også gjeve gåver i tillegg til dei 100 kr. som er sett opp. I år har me notert at det er kome inn over kr.33.000,-

Kyrkjebladet går ut til alle husstandar i preste-gjeldet, og til nokre adresser utanom. Det er frivillig for folk å betala.

Rekneskapen for bladet vert av praktiske grunnar ført i lag med Vaksdal kyrkjelege fellestråd sitt rekneskap.

Dersom du ikkje har betalt, men ynskjer å gjera det, kan du senda pengane til:

**Vaksdal Kyrkjelege Fellestråd, Kyrkjebladet.
Postboks 113, 5721 Dalekvam
Bankgiro 3500.07.05800.**

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome til Kyrkjekontoret innan **23.aug.**
Neste nummer kjem ut veke 37/38 .

Kyrkjekontoret for Vaksdal har ikkje fast ekspedisjonstid i veke 31 og 32.

Du vil likevel kunne få kontakt med ein av oss på kontoret. Er me ikkje til stades, kan du leggje att melding på telefonsvararen.



Stein Erik Olsen

KONSERTAR I VAKSDAL KYRKJE

Tysdag 16.juli kl.19.30

Stein Erik Olsen, gitar

Tysdag 10.sept. kl.19.30

**Tone Synnøve Øygard
Steinkopf og Olav Arne
Steinkopf, orgel**

GUDS FOTO-LAB

Eit bilete lyg ikkje!

Tenk deg at du står med ein filmrull i hendene, men dette er ikkje ein kva som helst filmrull. Det er filmrullen med ditt liv på!! Denne filmen inneheld scener frå ditt liv. Når eg tar bilete, blir det nesten alltid nokon verkeleg gode bilete.. Desse rammer eg kanskje inn , eller forstørrar opp. Like sikkert som at det blir gode bilete, blir det alltid nokre bilete som er heilt mislykka. Desse blar eg fort forbi og gøymer vekk.

Mørkeromsarbeidet

Når ein skal framkalla ein film, står ein i stummande mørker. Når ein tar ut filmen, må det være fullstendig, totalt mørkt, så svart som det er mogleg å få det. Det er ofte best slik i det verkelege livet og. Det er ikkje alt vi vil sleppe lys på...

Joh 8:12 "...Eg er ljuset for verda! Den som følgjer meg, skal ikkje ferdast i mørket, men ha livsens ljøs."

Eksponeeringa

Jesus har ikkje sansen for slikt "mørkeromsarbeid". Han har ikkje sansen for å jobbe i mørket, og han har ikkje sansen for å ta vare på og framkalle alle dei dårlege bileta som blir tatt.

Då eg la filmen min i Jesu hender, drog han ut filmen av hylsa. Før eg rakk å reagere, var filmen totalt eksponert, fullstendig gjennomlyst. Desse bileta kan aldri meir framkallast, aldri meir kan dei takast fram. Dei kan ikkje brukast mot meg....

Rom 8:1 "Så er det da inga fordøming for dei som er i Kristus Jesus"

Udokumentert

Wow!!! For ein fridoms-kjensle !!, Litt etter litt voks det fram i meg,... Ingenting batt meg lenger, ingenting kunne sette stengsler. Alle sjanser låg brått og uventa framfor meg, alt var mogleg!! Verda fekk ein ny dimensjon. Følte meg så letta, fri,... skyldfri. Ankeret som hadde heldt meg igjen, slapp. Ein forunderlig fred! Eg er ikkje aleine. Livet fekk eit heilt nytt innhald og ein ny mening. Ingenting kan måle seg med dette, INGENTING!!! Det er meir enn ei kjensle. Sterkare, meir intens og konstant, det er.... sanning.

Joh 8:36 "Får Sonen gjort de frie, vert de retteleg frie".

Den digitale revolusjonen

Etter at han sletta ut filmen, gav han meg eit digitalkamera og sa: " Frå no av så bruker du dette. Pass på å slette dei dårlege bileta etter kvart."

Når du gir livet ditt til Jesus, så slettar han ut det gamle. Alle tinga du angrar på, blir rett og slett borte når hans lys får sleppa til. Dei bileta kan umulig framkallast igjen. Så gir han deg høve til å leva eit liv i lyset. I dette livet er riktig nok ikkje alt perfekt, men du kan omvende deg, be om tilgjeving. Du kan sletta dei dårlege bileta etterkvart som dei kjem, på same vis som med eit digitalkamera. Mørkerommet treng eg ikkje bruke, eg treng aldri å forlate lyset igjen.

2.Kor 5:17 " Difor, om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, det er kome noko nytt!"

Knut-Erlend Rosvold

HISTORIA OM EIT ORGELKJØP

Eidsland kapell var lenge den einaste kyrkja i Vaksdal som ikkje hadde kyrkjeorgel. Sidan 1970 har eit elektronisk ”Eminent”-orgel sytt for tonefylgje til songen. Orgelet skranta dei seinare åra. Dei fleste har vel fått med seg at orgelet har teke inn signal frå BBC og sende radiolyd ut i kyrkjerommet. Tida vart etter kvart mogen for nytt orgel i kapellet, men framleis var dei fleste nøgde med stoda slik ho var. I jubileumsåret 2000 vart det likevel til at mange nok fann ut at noko måtte gjerast.

Stamnes sokneråd sette ned ei orgel-nemnd, der Marit Århus Myster, Gunnar Eide og organist Asbjørn Nese var med. Dei hadde sitt fyrste møte i slutten av juni for to år sidan. Då låg det føre nokre tilbod på orgel til prisar mellom ein halv og ein million kroner, og leveringstid på inn til 5 år. Nemnda vart seinare supplert med Frank Møster, Harald Neset og Arild Stamnes, og i tillegg tok kantor Olav Arne Steinkopf og kyrkjeverje Svein Tøsse del i nokre av møta. På nyåret i fjor såg nemnda nærare på dei tilboda som hadde kome inn, og bestemte seg for å satsa på det rimeligaste orgelet. Orgelfondet var då kome opp i over kr. 63.000, og nemnda såg optimistisk på å nå målet på kr. 100.000 i innsamla midlar. Nemnda vona ”at me på 80-årsdagen for kyrkja får høyra vakker musikk frå eit nytt orgel som for lengst er på plass”.

Då Vaksdal kyrkjelege fellesråd handsama saka i mars i fjor, rekna ein med at eit nytt orgel ville koma å om lag kr. 650.000, og at det med finansieringskostnadene ville orgelet korta over kr. 900.000. Ein rekna med å få inn kr. 100.000 i innsamla midlar, resten måtte finansierast mellom anna med banklån. Fellesrådet kom fram til at dei ”støtta orgelfondet i prioriteringa av eit kvalitetsorgel til Eidsland kapell, men kan med den noverande budsjettssituasjonen ikkje gå inn for løyving til nytt orgel i år”.



Trompet i samspel med det nye orgelet i gudstenesta 17. mai. Janne Elin Matre spelar saman med organist Asbjørn Nese.

I vinter kom Asbjørn Nese over ei lysing som sette fart i arbeidet. I Danmark var eit orgel, bygd som svenneprøve, til sals for 245.000 danske kroner. Asbjørn Nese, Olav Arne Steinkopf og Arild Stamnes drog til Danmark 16. februar for å sjå nærare på orgelet. Dei likte det dei såg - og høyrde – og dei hadde med seg heim ei anbefaling til orgelnemnda sitt møte to dagar seinare, om å satse på det orgelet. Det gjorde nemnda, og Fellesrådet vedtok same veka å kjøpe orgelet. Stamnes sokneråd og orgelnemnda skulle då stå for kr. 150.000 av finansieringa, Fellesrådet for resten. Inkludert omvøle og oppussing i kapellet kosta det nye orgelet kr. 379.000.

Orgelkjøpet vart godkjend av Bjørgvin bispedømeråd og kjøpskontrakt vart underskriven 3. mars. Ein dugnadsgjeng tok til med å riva dei gamle faldedørene mellom koren og skipet. Ein plattform til det nye orgelet vart bygd, golvet vart måla, og tilhøve elles lagt til rettes for det nye orgelet. 13. mai kom orgelet saman med orgelbyggjaren, som sette det opp på 2-3 dagar. 17.mai fylte eidslendingane opp kapellet då orgelet vart vigsla og teke i bruk for fyrste gong.

MANGE BIDRAG TIL ORGELFONDET

Fram til den 21. juni har det kome inn kr. 176.00 til orgelfondet. Det har kome inn pengar på basar, konsert og andre tilstelningar. Både på Stamnes og Eidsland er det teke opp offer i fleire gudstenester. Frå einskildpersonar og organisasjonar har det kome så mykje som kr. 10.000 i gåver, og i minnegåva i samband med Maria Neset si gravferd kom det inn nærare 13 tusen kroner.

Sparebanken Vest og BKK har gjeve større pengegåver, og frå Modalen kommune har det kome fråsegn om ei gåve

på kr. 10.000. Særskild kan det nemnast at skuleborna på Eidsland fekk inn kr. 1439,- basaren sin kafé. Tidlegare har dei laga og seld ei skuleavis der temaet var kyrkjejubileet på Eidsland, og desse inntektene, kr. 690,-, gav dei til orgelfondet.

Orgelnemnda vil med det fyrste koma saman for ei oppsummering av arbeid og rekneskap, og eit meir nøyaktig oversyn over fondet sine inntekter vert truleg presentert i neste nr av kyrkjebladet. Orgelfondet har konto nr 3500 67 30343.



Frå venstre: Olav Eide, Marit Århus Myster, Frank Møster, Arild Stamnes og Asbjørn Nese

Foto: VaksdalPosten

NØGD ORGELNEMND

Gratulerer med orgelet, Frank Møster. Korleis har responsen på orgelnemnda sitt arbeid vore?

Vi fekk ein fantastisk respons, folk var verkeleg flinke til å stille opp, alle har vore engasjert. Vi fekk inn meir pengar enn vi hadde drøymt om, og særleg bra gjekk det på basaren.

Korleis opplever du og andre det nye orgelet?

Frå andre har eg ikkje høyrte så mykje om nett det, men eg tykkjer sjølv at det var eit godt val. Eg kan likevel tenkje meg at vi og får ein sub-bass til orgelet med tida. Elles er det jo spanande og uvant at orgelet står framme i kyrkja.

ANTEPENDIET I DALE KYRKJE ER RESTAURERT



Foto: Jan Egil Dyvik

Alle som har vore i Dale kyrkje, har nok lagt merke til det vakre antependiet, teppet framfor altaret. Ein periode i vår var dette vekke, og det brune trevirket kom til syne.

I denne tida var det originale antependiet til reinsing og reparasjon hjå Tekstil-atelieret for musea i Hordaland. Antependiet som vart laga til kyrkja var ny i 1956, var sydd av Birthe Arneberg Quesseveur, dotter til arkitekten av kyrkja, Arnstein Arneberg. Teppet er av kvit silkedamask med Livsens tre med krossen i toppen.

På grunn av sollyset gjennom det store glaset i sørveggen, morkna silken på høgre side av altaret og vart fjerna for fleire år sidan. Dale sokneråd diskuterte lenge kva ein kunne gjera for å retta opp skaden. Det blei nedsett ein nemnd som arbeidde med saka gjennom fleire soknerådsperiodar. Elsbeth Rønhovde har vore ein sentral person i dette arbeidet, og ho har hatt den kontinuerlege kontakten med dei ulike instansane. Atelierleder/tekstilkonservator Inger Raknes Pedersen ved Tekstil-atelieret for musea i Hordaland vart redninga. Først vart det undersøkt fleire stader om det var mogleg å skaffa likt stoff, noko som viste seg umogleg. Så vart det lagt fram forslag om å få vevd nytt silkestoff i same mønster

som det originale. Ein prøve av dette vart sendt til tekstildesigner Jon Åge Pettersen i Bergen som teikna ut mønsterrapporten på data. Denne blei så sendt til eit veveri i India som har levert 10 meter nydeleg damasksilke med same motiv som originalen. Heilt utruleg når ein ser på detaljane i stoffet!

3. mai var Inger Raknes Pedersen tilbake i Dale kyrkje og monterte antependiet etter konserveringa. Ho fortel at det har vore eit tidkrevjande arbeid med å reinsa og reparera antependiet. For ikkje å skada broderiet, måtte ein unngå å bruka vatn. I staden vart det brukt ein "sotsvamp" som trekkjer til seg sot og støv. Etter dette blei silken mykje blankare. Det blei sett inn nytt stoff på heile høgre sida og litt under broderiet i fronten. Det er montert nytt stoff i kraftig bomull på altaret som skal hindra nye flekker som smitter av frå treverket, slik som ein såg på det gamle fôret. Det er også montert nytt silkefor til antependiet for å få fint fall og for å verna silkedamasken. Antependiet er no hengt opp med borrelås i staden for dei gamle ringane. Dette gjer at det heng finare.

Inger Raknes Pedersen har hatt to medhjelparar i dette arbeidet. Det er assistent Aud Århus frå Bergen og tekstilkonservator Susanna Högeberg frå Sverige.

FEST FOR KONFIRMANTANE PÅ VAKSDAL



Alexander Amundsen, Ingunn Loftheim Dale, Annette Hammersland og Aron Amundsen

Foto: Kjell Nysted

Slik tradisjonen er på Vaksdal og etter ønske frå foreldremøtet, vart det i år og halde fest for konfirmantane etter konfirmasjonen. Dette har mange opplevd som ei god, sosial og avslappande avslutning etter at det høgtidelege er overstått. Nytt av i år var at festen vart halden på søndag kveld 25.mai og starta med gudsteneste i kyrkja kl. 18 i staden for å ha den ein kveld i veka. Målet med denne endringa var at festen ikkje skulle kollidera med andre aktivitetar for ungdomane. I tillegg var festen lagt til konfirmantrommet i kyrkja og plassen utanfor, medan den tidlegare har vore i bedehuset. Grunnen til det var mellom anna at konfirmantrommet er opprusta med kjøkkenløyising og soknerådet fann det høveleg å nytta lokalet. Menyen vart og endra i år. I soknerådet tenkte vi at det var stor sjanse for fint ver i slutten av mai og planla grilling ute.

Tidlegare år har det vore god oppslutning om festen, men i år som i fjor kom der få. Tre av ni konfirmantar med foreldre og yngre søsken hadde meldt seg og møtte.

Heldigvis kom eit par gitar til frå årskullet og var med på delar av festen. Det var fint ver og god stemning. Det var sett ut "telt" som ein kunne sitte under dersom det skulle koma ein skur. Borda var pynta med velduftande hageblomar og lys. Grillane var varma på førehand og maten smakte godt, hamburgerar og pølser med brød og salat og brus til. Det vart og servert gode kaker med kaffi. Praten gjekk livleg rundt borda. Knut-Erlend Rosvold leia tevling mellom konfirmantane. Vaksne og born konkurrerte innbyrdes på stylter eller med å treffe dart-skiva. Det gjekk litt hardt utover pilspissane når dei rett som det var trefte gråsteinsmuren. Til avslutning leste Edvard Bø eventyret om "Prinsessa som ingen kunne målbinde" og trekte parallellar mellom Askeladden som fann nytte i det meste, og det å finna nytte i lærdommen frå konfirmanttida. Den kan koma godt med.


*Kjell Nysted, leiar Vaksdal sokneråd
Grete Loftheim Dale, konfirmantforelder*

KONFIRMANTAR VÅREN 2002



Konfirmantane i Stamnes kyrkje 12. mai 2002

1.rekke frå venstre: Kapellan Edvard Bø, Ane Gammersvik, Alexandra Skjervheim, og Renate Simmenes.
2.rekke: René Vik, Mona Sandal Stamnesfet, Stine Strand Carlsen og Even Dæmring.



Konfirmantane i Eksingedalen kyrkje 26.mai

Sokneprest Frode Kvamsø. Siri Beate Eikefet og Øyvind Flatekval



Konfirmantane i Vaksdal kyrkje 5. mai 2002

1. rekkje få venstre: Tina Eidsvåg, kapellan Edvard Bø, Ingunn Loftheim Dale.
 2. r. f. venstre: Yvonne Kristine Solheim, Lena Marie Eriksen, Anette Hammersland, Aron Amundsen.
 3. r. f. venstre: Kevin Eliassen, Alexander Amundsen, Kim Andre Gunnarson Lunde.



Konfirmantane i Dale kyrkje 5. mai 2002

1. rekkje frå venstre: Rebekka Hesjedal, Elisabeth Kallestad, sokneprest Frode Kvamsøe, Åsa Trengereid Hesjedal, Kjersti Johannessen.
 2. r. f. venstre: Janniche Nordby Boge, Jenny Laastad Dyvik, Siri Hesjedal, Malin Hvidsten Straume, Hege Jacobsson Bjørkheim, Linn Svensson, Eivind Birkeland Johansen.
 3. r. f. venstre: Thomas Sjo Andersen, Andreas Nysæther Oppedal, Martin Alvheim, Arild Stanghelle, Anders Langhelle, Robert Midtun, Ole Fossmark Lilleskare, Torvald Andre Knutsen.
 4. r. f. venstre: Raymond Rørgård Faugstad, Rakel Hvidsten Søvik, Dan Carlos Dankertsen, Morten Klever, Thomas Karstensen, Erik Sellevold Bleika

NY KYRKJEORDNING

Av Knut A. Knudsen, prost i Hardanger og Voss prosti



Foto: Hordaland

Folkekyrkje også i framtida, er ynsket frå nemnda som har greidd ut tilhøvet mellom stat og kyrkje, på oppdrag frå Kyrkjerådet. Men folkekyrkje med styring av eige hus.

Kostnadene med å driva kyrkje kan løysast på ulikt vis: livssynsavgift for alle, eller medlemsavgift? Tilsetjing av prestar lokalt eller i bispedømmet?

Val til kyrkjelege råd er viktig i utgreiinga. Skal det vera direkte val heilt til topps, også til Kyrkjemøtet, eller berre til sokneråda slik som no, og så vel dei til bispedømmeråda som no? Staten kan ikkje ha særlege band til ei kyrkje i eit fleirkulturelt samfunn, men staten treng ein **religionspolitikk**. Utifrå prinsippet om religionsfridom kjem nemnda nesten samrøystes fram til sin konklusjon at ein ikkje lenger kan halda på ordninga med ei statskyrkje. Kyrkjeordninga er ikkje det viktigaste for ei kyrkje, og det er mange ulike ordningar. Den katolske kyrkja er sentralstyrt, i pinsekyrkja har kvar kyrkjelyd sjølvstende. Vi har hatt ei ordning med fleire ledd, rådsstruktur og embetsstruktur, kyrkjemøte og bispemøte, og så eit departement som utøvde den mynde som Kongen har etter Grunnlova. Folkekyrkja er vorte eit godt ord for kyrkjefolk.

Omgrepet gjev eit ideal av ei open kyrkje som ikkje har store krav til medlemmene sine. Men kyrkja vår er også ei vedkjenningskyrkja. Prestane har forplikta seg på vedkjenninga ved ordinasjonen, og dei kyrkjelege råda skal arbeida i lojalitet mot den evangelisk-lutherske læra.

Medlemskap i kyrkja får ein ved dåpen, men det er også ein føresetnad at den døypte vert opplært og oppseda i den kristne tru.

I fyrste omgang er utgreiinga sendt ut på høyring til sokneråda, fellesråda og ei rad organisasjonar i kyrkja. Det er hovudspørsmålet, om brot med det gamle bandet til staten som er viktigast i denne omgangen.

Korleis ordninga av dei mange detaljar skal verta, krev nye utgreiingar. Truleg vert det seinare utnemnd ein offentlig kommisjon som vil arbeida med desse spørsmåla utifrå staten sin synsstad. Det krevst endring av Grunnlova for å få til eit skilje, og det tek lang tid, med framlegg for eit Storting og avgjersle på eit anna, etter eit val. Men truleg går det mot eit skilje, mot ei nyordning.

Eg har hatt mitt presteliv i ei open folkekyrkje og vore takksam for det. Frå Finnmark har eg med meg heidersomgrepet «vårres præst», som var velkomen i alle heimar. Eg meiner det er viktig at diskusjonen i åra frametter også er oppteken av kva for kyrkje vi ynskjer, korleis vi skal føra vidare kristenarven til nye slekter, og korleis kyrkja skal vera diakonal og spegla nestekjærleiken.

Til no har Kyrkje-departementet ofte teke omsyn til at ulike grupper også må vera med i leiarskapen i kyrkja. Kyrkjeleiinga i ei nyordna kyrkje vil målast på om det framleis er rom for ulike synspunkt også mellom biskopane. Oppsplitting i fleire ulike kyrkjer vil vera eit dårleg resultat av ei ny ordning.

PROSTISAMLING

”SAMME KIRKE – NY ORDNING”

28.mai var soknerådsmedlemer og kyrkjeleg tilsette frå heile Hardanger og Voss prosti samla i Vonheim på Voss for å få ei orientering om den nye kyrkjeordninga. John Dale, stiftsdirektør på bispedømekontoret Helge Taranrød og kompetansesjef Øystein Dahle Kraft frå Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon hadde innlegg om ulike spørsmål knytt til skilje kyrkje/stat, økonomi, organisering og valordningar. Sokneråda skal svara på høyringsutkastet i september.

Endeleg barnelag på Dale...

Til hausten vert det starta opp barnelag på Dale. Det vert samling annakvar torsdag frå kl 17.00 til 18.00.

Alder er frå 3 år og oppover. Det vert to ulike typar samlingar:

Samling 1 vert som eit tradisjonelt barnelag: Først syng ein nokre songar. Etterpå vert det ein kort andakt. Så vert det hobbyaktivitetar av ymse slag.

Samling 2 er ikkje så ulik samling 1, men i staden for hobbyaktivitetar vert det ei lita songstund. Til slutt avsluttar ein med noko å bita i/evt litt leik.

Samling 1 og 2 vert annakvar gong.

Alle interesserte er velkomne til den første samlinga **5. september kl 17.00 på Dale bedehus.**

Helsing styret i Dale barnelag:
Marit Alvheim, Laila Haugsdal, Ingrid Leiren, Ove Alvheim og
Olav Arne Steinkopf

REBUS PÅ DALEDAGANE

TREKNING AV DALE SOKNERÅD SIN REBUS

- 1.premie: Boksjekk kr.200,- hjå Petersen og Ypsøy: Einar Magne Straume
- 2.premie:Boka”Kyrkjestaden Dale 100 år”, John Sellevold.
- 3.premie:Boka”Kyrkjestaden Dale 100 år”, Irene C.Haukeland.
- 4.premie:Boka”Kyrkjestaden Dale 100 år”, Oddveig Straume

For dei som ikkje fekk prøvd seg på rebusen på Daledagane, tek vi med opp-gåvene her. Svaret finn de ein annan stad i Kyrkjebladet. De skal finna fram til personnamn i Bibelen, 6.menn og 6 kvinner.

1. HEVA+VOKAL=_____

2. BILORGANISASJON+SMERTA

3. HES + KONSONANT _____

4. KONSONANT+UTROP+INSEKT

5. KNUSE+KONSONANT _____

6. BOKSTAVLYD+FØRER _____

7. UTTALTE+SOLGUD _____

8. JENTENAMN+UTTALTE+JENTENAMN

9.PYTT ETTER VOKAL _____

10. BEIN+ELEKTRISITET _____

11. REINSA+KONSONANT _____

12. BEVEGA _____

Rebusen var laga av Ragnvald Kringlebotten

KRIK

www.KRIK.no



-Villmark

-Idrett



Bur det ein villmann/kvinne i deg ?
Trivest du i naturen og likar nye utfordringer?

KRIK-Villmark blir eit heilt nytt alternativ for ungdommar i Vaksdal til hausten.

Vi satsar på å ha samlingar annankvar laurdag, der nokre av turane vil bli overnattingsturar.

Opplegget vil passe for dei fleste, men du **MÅ** vere motivert for friluftsliv, og tåle litt ver og vind.

Aktivitetane er det berre fantasien vår som set grenser for.

Liker du å halde deg i form?? Trivst du i aktivitet saman med andre??

Dette er eit nytt tilbod som vil starte opp til hausten, det vil være ein integrert del av konfirmant-opplegget, men samtidig vere åpent for alle interesserte frå og med 8. klasse og oppover.

KRIK er ikkje eit idrettslag, men eit samlingspunkt for kristne- og ikkje kristne idrettsglade ungdommar.

KRIK stiller ikkje krav til ferdigheitar. Det er felleskapet, aktiviteten og gleda over å vere i bevegelse som er det sentrale.

Me vil ha mange ulike slag idrettsleikar og ser det som eit mål å drive med varierte aktivitetar .

Viss dette høyrer kjekt ut og/eller du trur at du kan bidra med noko, vil eg veldig gjerne høyre frå DEG!!
Eg er av og til på Kyrkjekontoret for Vaksdal, Fabrikkvegen 3 "Messo", elles er eg å treffe på:

mob: 95816591

tlf kontor: 56593922

e-mail: KRIK-Vaksdal@innboks.com

KRIK@krik.no



Knut-Erlend Rosvold
(vokt- arbeider)

SOMMARLEIR 2002

Sætervika Ungdomssenter

TYPE	DATO	ALDER	PRIS
3. Leir	1. – 4.juli	10-12 år	kr 490,-
4. Aktivitetsleir	29.7 – 2.aug.	12-14 år	kr 705,-
5. Generasjonsleir	2. – 4.aug.		kr 230,-/330,-/440,-
6. Ferieleir	5. – 9. aug.	10-14 år	kr 635,-
7. Leir	9. - 11.aug.	7-10 år	kr 345,-

KANO – BÅT – BADELIV – TARZANLØYPE – TRAMPOLINE –
SLENGTAU – NATURSTI – BALLSPEL – SPEL – LEIKAR

SÆTERVIKA UMGDOMSSENTER LIGG FINNTIL VED SAMNANGERFJORDEN.
KVAR DAG PÅ LEIR FÅR VI HØYRA OM JESUS OG MISJONSARBEIDET.

Påmelding og nærmare opplysningar:

Norsk Luthersk Misjonssamband

Sydneskleiven 22, 5010 Bergen

Tlf. 55 90 48 00 Fax. 55 90 48 10 E-post: post@bergen.nlm.no

Prestevikaren i sommar



Kristin Norseth

skal vere vikar når sokneprest
Kvamsøe har permisjon
15. juli – 11. august. Ho arbeider ved
Menighetsfakultetet i Oslo, og har
tidlegare mellom anna arbeidd i
Det Norske Misjonsselskap.

Kristin Norseth vert desse vekene å
treffe på **tlf. 90 19 65 14**

Er du på Karmøy onsdag 3.juli?

Dei to kantorane våre held konsert
i Avaldsnes kyrkje kl.20.00.
Dei spelar 4-hendig orgel.

Har du lyst til å syngja i kor?

KILDEN startar opp øvingane sine i
Vaksdal kyrkje fredag 23.aug.kl.18.
"Gamle" og nye songarar er velkomne.

BARNELAGET PÅ DALE

startar opp torsdag 5.september
kl.17.00 i Dale Bedehus.
Sjå omtale annan stad i bladet.

LØYSING PÅ REBUS

1. ESAU
2. MARIA
3. RUT
4. PAULUS
5. MOSES
6. PETER
7. SARA
8. ELISABETH
9. ADAM
10. RAKEL
11. LUKAS
12. LEA

SLEKTERS GANG

DØYPTE

DALE

04.11.01 Marte Nordby Karlsen
04.11.01 Tonje Nummedal Rolland
24.03.02 Ida Gjermo Jakobsen
07.04.02 Knut Anders Boge Fotland
05.05.02 Oda Stokke Jordalen
05.05.02 Severin Langhelle
16.06.02 Hilde Vik Dale
07.04.02 Benjamin Kjelby vart døypt
i Salhus kyrkje

VAKSDAL

26.05 Emil Langeland Vaksdal
23.06 Stine Kvam Utskott
23.06 Mats Litangen Thomassen
21.04 Njål Sæterdal Hægland vart døypt
i Evanger kyrkje

EIDSLAND

29.03 Karita Matre Nordheim

EKSINGEDALEN

26.05 Anthôn August Josteinson Roka

NESHEIM

09.06 Alida Nesheim

BERGSDALEN

09.06 John Anker Brekke Solberg vart døypt i
Austrheim kyrkje

AVLIDNE

DALE

26.09.01 Irene Stanghelle Hvidsten, f.1956
12.11.01 Solveig Mary Fossmark, f.1925
19.03.02 Nelly Karina Andersen, f.1916
20.03.02 Maria Eikefet, f.1905
22.03.02 Erna Haugland, f.1931
11.04.02 Ingeborg Marie Thunestvedt, f.1932
03.05.02 Olga Solberg, f.1917
03.06.02 Esther Helene Vågen, f.1925
18.06.02 Olav Ulrik Søvik, f.1918

VAKSDAL

30.03 Håkon Ekse, f.1919
03.04 Ester Nancy Herfindal, f. 1912
10.04 Per Faugstad, f.1946
22.04 Harry Johan Hansen, f.1925
01.05 Ragnhild Larsen, 1916
23.05 Rolf Klever, f.1920
26.05 Anna Marie Faugstad, f.1906

STAMNES

09.06 Agnar Bjarne Bogstein, f.1930

EIDSLAND

29.04 Maria Neset, f.1926
15.05 Tim, f.2002

NESHEIM

09.02 Augustin Fosse, f.1901
24.03 Gunnar Nesheim, f.1915

VIGDE

EIDSLAND

29.03 Janne Elin Matre og
Jahn Olav Nordheim

**KONSERT I
DALE KYRKJE**
Torsdag 8.august kl.19.30
Pia Tømmersnes – saxofon
Olav Arne Steinkopf - orgel

GODKJENDE LEVERANDØRAR AV GRAVMINNE

Desse leverandørane er godkjende for levering av gravminne. Alle gravminne må vera innafor forskriftene i gravferdslova. Dei fleste leverandørane har lokale kontaktpersonar.

Brødrene Strand Stenhuggeri AS
Decoform Gravmonumenter AS
Eikner Naturstein AS
Ellinggard Steinindustri AS
Kjøll Stenindustri
Sildnes stenindustri AS
Sæthre stenindustri AS
Øien stenhuggeri
Åsane stein AS

Alle andre leverandørar pliktar å søkje om godkjenning for kvart einskild gravminne fram til at gravminne-katalogen er godkjent. Godkjenning i andre kommunar gjev ikkje automatisk godkjenning i Vaksdal.




GRAVMONUMENTER
fra Brødr. Strand
Stenhuggeri

I våre kataloger finner De flere hundre modeller.
Vi har alle aktuelle steintyper.
Be om katalog og pristilbud.
NB! Fritt levert og montert alle kirkegarder i distriktet.
Skrifttilføyelser – Oppussing.

Harald Jordal
Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00

Returadresse: Kyrkjeblad for Vaksdal
Postboks 113
5721 Dalekvam

VELKOMEN TIL KYRKJE



VAKSDAL KYRKJE

7.juli kl.19.00 Høgmesse. Bø. Offer til Norsk Lærarakademi.

21.juli kl.11.00 Høgmesse. Kristin Norseth. Nattverd. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

11.august kl.11.00 Høgmesse. Kristin Norseth. Nattverd. Offer til Same-misjonen, Bergen krets.

25.aug. kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd. Offer til KRIK.

8.sept. kl.18.00 Familiegudsteneste. Bø. Konfirmantpresentasjon. Offer til Tibet-misjonen.

DALE KYRKJE

30.juni kl.18.00 Høgmesse. Bø. Offer til Dronning Mauds Minne.

21.juli kl.17.00 Høgmesse. Kristin Norseth. Offer til Kristeleg Kringkastingslag.

18.august kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Sjelesorgsenteret, Haraldsplass.

1.sept. kl.18.00 Høgmesse. Kvamsøe. Konfirmantpresen-tasjon. Offer til Kyrkjelyds-arbeidet.

EIDSLAND KAPELL

21.juli kl.19.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.

25.august. kl.11.00 Høgmesse. Bø. Konfirmantpresentasjon.

STAMNES KYRKJE

14.juli kl.11.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.

11.august kl.20.00 Høgmesse. Kristin Norseth.

1.sept. kl.18.00 Høgmesse. Bø. Konfirmantpresentasjon.

BERGSDALEN KYRKJE

7.juli kl.11.00 Høgmesse. Bø. Nattverd. Offer til Norsk Misjon i Øst.

15.sept. kl.11.00 Bergsdals-stemna. Bø. Konfirmant-presentasjon. Offer til soknerådsarbeidet.

EKSINGEDALEN KYRKJE

30.juni kl.11.00 Høgmesse. Bø. Offer til Kirkens Sosialtjeneste.

28.juli kl.12.00 Dalastemna. Anders M. Tolås

18.august kl.20.00 Høgmesse. Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon. Offer til Tibetmisjonen/Misjons-prosjektet.

NESHEIM KYRKJE

4.august kl.11.00 Høgmesse. Vikar. Nattverd.

8.sept. kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø. Søndagsskulens dag.

DALASTEMNA

Det tradisjonelle Dalastemna vert i år 28.juli. Då samlast folk til gudsteneste kl.12.00 ved Storavatnet mellom Modalen og Eksingedalen. Frå Modalen går ein opp ved Farestveit, og frå Eksingedalen går ein opp frå Flatekval. Avgang frå Flatekval kl 10 45.

Etter gudstenesta som i år vert ved ein vikar, blir det matøkt.

Det blir gudsteneste i Eksingedalen kyrkje kl.11.00 dersom veret er for dårleg til gudsteneste ute.

Det er høve til å ringa soknerådsleiar Berit Vetlejord (56 59 64 19) dersom nokon er usikre på kvar det blir gudsteneste.